

Lindås kommune
v/planavdelinga

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 Valestrandsfossen
Telefon: 56 39 00 03
Telefaks: 56 19 11 30
E-post: post@arkoconsult.no
www.arkoconsult.no

Valestrandsfossen 14.03.2014

OPPSTARTMØTE - PRIVAT DETALJREGULERING AV ISDALSTØBAKKEN 81, GNR. 137, BNR 28, LINDÅS KOMMUNE

Ber om oppstartmøte med planavdelinga i høve til å få starte utarbeiding av privat reguleringsplan i Isdalstøbakken 81. Forslagstillar er Reigstad Bygg og Eigedom AS.

1. Lokalisering

Planområdet ligg mellom Isdalstøbakken og sjøen, og omfattar gnr/bnr. 137/28, 39 og 259. Bnr. 259 som er ein del av reguleringsplanen for Isdalstø Kaiområde, (garveriet) er tenkt teke med i denne planen grunna at rekkjefølgjekrava i nemnde plan ikkje er økonomisk gjennomførbare og at ein kan avlaste den planen i høve til parkering og leikeareal med dette planframlegget.

2. Planstatus

Planområdet er på 11-12 daa og ligg som bustadområde i kommunedelplan for Knarvik-Alversund. I nedre del av området er det i kommunedelplanen vist omsynssone, byggerestriksjoner i høve til strandsone, samt at det illustrert strandsti/promenade langs sjølinja.

3. Situasjon i dag

Det ligg i dag ein einebustad sentralt plassert på tomten, med eit tilhøyrande naust/båtgarasje i vestleg del av strandlinja og naust/fritidsbustad i austleg del av strandlinja. Aust for naustet ligg bnr. 259, som er ein del av det gamle garveriet med kombinert føremål bustad/forretning/kontor. Elles er området rundt prega av einebustader, samt garveriet som grensar til planområdet i aust.

4. Intensjon med planframlegget

Tiltakshavar ønskjer å legge til rette for bruk i samsvar med kommunedelplanen og føremål med planframlegget er blant anna fortetting av bustadområde. Det er tenkt 3 nye einebustader i nordvest og 1 ny fleirmannsbustad, langs austleg plangrense, mellom eksisterande bustad og bnr. 259. Elles er det tenkt felles leikeareal samt grøntareal på flaten mellom strandlinja og eksisterande einebustad.

5. Avkøyrsl/tilkomst

I høve til avkøyrsl til området er det ønskjeleg å få ei avklaring tidleg i prosessen og ber difor om at nokon innan samferdsle i kommunen kan stille på møtet.



Figur 1 framlegg til Plangrense

Widar Sorø

Plankonsulent
Arkoconsult AS
Tlf: 476 30 377
Epost: widar@arkoconsult.no